

## PROTOKOLL FRÅ IDRETTSKRETSSTYREMØTE 05/24

Styremøtet 05/24 blei gjennomført tirsdag 27, juni på Teams. Møtet starta kl 13:00 og vart avslutta 14.45.

Namn	Tilstades	Forfall	Merknad
Nils R. Sandal, styreleiar	x		
Tone Stavland, nestleiar	x		Med fram til 14:30
Jan-Erik Weinbach, styremedlem	x		
Anne-Grethe Naustdal, styremedlem	x		Med fram til 14:30
Jeanette Heggen, styremedlem	x		
Heidi Hatlen, styremedlem	x		
Magnus H. Hartwig, styremedlem	x		
Natalia Golis, varamedlem		x	
Lasse Lerum, varamedlem	x		
Narve Heggheim, rådgivar anlegg	x		Med fram til 13:45
Ole Nilsen, økonomikonsulent	x		
Randi Marie Farnes, organisasjonssjef	x		Referent

### Sakliste:

- Sak 29/24: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
- Sak 30/24: Godkjenning av protokoll frå styremøte 04/24
- Sak 26/24: Anleggsutval 2024-2026
- Sak 31/24: Tildelingsutval straumsmarte idrettsanlegg
- Sak 32/24: Talfesting auke av ungdommar og unge vaksne i idretten
- Sak 33/24 Sak unntatt offentlighet. Anmodning om påtale til NIFs påtalenemd
- Sak 34/24 Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar

### **Sak 29/24: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

---

Vedtak: **Møteinnkalling og sakliste godkjent**

---

## **Sak 30/24: Godkjenning av protokoll fra styremøte 03/24**

Saksunderlag: Utkast til protokoll fra styremøte 04/24

---

Vedtak: **Protokollen frå styremøte 04/24 godkjent**

---

## **Sak 26/24: Anleggsutval 2024-2026**

Kommentarar:

Anleggsutvalet vil få ei viktig oppgåve å behandle forslaget til spelemiddelhøringa som vart sendt ut frå KUD i mai. Narve Heggheim presenterte korleis forslaget i spelemiddelhøringa vil påverke idretten i Vestland.

Det pågår ein stor innsats i NIF, idrettskretsar og fylkeskommunar for å svare ut denne høringa som vil slå uheldig ut for idretten totalt sett, og spesielt for Vestland.

Prosesen er godt i gong, og administrasjon, styreleiar og nestleiar har delteke på fleire møter. Høringa var også eit viktig tema under Leder møtet i Ålesund.

Prosesen vidare i VIK blir følgande:

Mål om felles uttale frå heile norsk idrett, inkl særforbunda. Forslaget blir sendt ut før ferien, og frist for innspel for Vestland idrettskrets er 1. sept. Frist til KUD er 20.sept. Idrettsstyret gir endeleg uttale. VIK har sendt ut informasjon til idrettsråda som kan kome med innspel fram til 1.juli. Anleggsutvalet vil få i oppgåve å vurdere felles uttale og innspel til denne, og deretter legge saka fram for VIK sitt styre.

Det planleggast Idrettens folkemøte over sommaren i Vestlandshuset i Bergen der kulturminister vert invitert saman med andre nasjonale og regionale aktørar for å påverke forslaget som ligg på bordet, og skape merksemd kring saka. Dette vert streama.

Følgande er forespurt og har takka ja til å vere medlemmer i anleggsutvalet i Vestland idrettskrets i perioden 2024-2026:

Navn	Funksjon	Organisasjonstilknytning	Kommune
Nils R Sandal	medlem	Styret VIK/Breimsbygda IL	Gloppen
Tone Stavland	medlem	Styret VIK/Bremnes IL	Bømlo
Aud Kari Isane	medlem	Sogn og Fj Friidrettskrins/Sogndal IR/Balestrand IL	Sogndal
Kristin Stølen	medlem	Askøy IR/Østsidan Askøy FK	Askøy
Lars-Idar Vegsund	medlem	Sunnfjord IR/Førde IL -symjing	Sunnfjord
Tore Thorsen	medlem	NFF Hordaland/IL Arna -Bjørnar	Bergen
Trygve Johnsen	medlem	NHF Region Vest /Åsane Håndball	Bergen

---

Vedtak: **Styret oppnevner følgende kandidatar til anleggsutvalet i Vestland idrettskrets: Tone Stavland (leiar) Nils R Sandal, Aud Kari Isane, Kristin Stølen, Lars-Idar Vegsund, Tore Thorsen Trygve Johnsen**

---

### **Sak 31/24: Tidelingsutval straumsmarte idrettsanlegg**

Kommentarar:

Vestland idrettskrets er tildelt ei gåve på kr 5 000 000,- frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til prosjektet «Straumsmarte idrettsanlegg». Midlane kjem frå overskotet til Sparebanken Sogn og Fjordane.

Føremålet med å etablere ordninga er å gje ekstra støtte til å byte ut eldre og lite energieffektive lysanlegg på idrettslagseigde anlegg til nye ledlys med moderne styringar for å redusere driftskostnadane på idrettsanlegga. Dette krev relativt store investeringar for idrettslaga sjølv om det er spelemiddelberettiga dersom ein oppfyller krav mht spelemiddelsøknad. Midlar frå Straumsmarte idrettsanlegg må kombinerast med ein spelemiddelsøknad og kan inngå som eigenkapital i finansieringsplan i samband med denne. Tilskotssum frå ordninga er avgrensa til 25% av godkjendt søknadssum og ein kan må maksimum støtte på kr 500 000,- pr. anlegg. Det er mål om at ordninga skal gå over fleire år og at ein søker ny tildeling når eksisterande midlar er brukt opp.

Det er etablert eiga nettside for prosjektet i Vestland IK sin nettportal der det ligg detaljert informasjon om støtteordninga. Det er sett søknadsfrist 15. september og det er mål om at tildeling skal vere vedteken ca 15. oktober som er tidspunkt for idrettslaga å levere spelemiddelsøknad. Nettsida har adresse: [straumsmarteidrettsanlegg.no](http://straumsmarteidrettsanlegg.no)

Støtteordninga kan gje støtte til alle idrettslag i gamle Sogn og Fjordane som er kjerneområdet til gjevar.

#### **Tidelingsprosess vil foregå på følgende måte:**

- Administrasjonen gjennomgår alle søknader og lagar si innstilling på tildeling
- Eit styreoppnevnt tidelingsutval på 3 personar med ein varamedlem behandlar innstillinga som så går som tilråding til styret.
- Styret i Vestland IK vedtek endeleg tildeling innan 15. oktober.

---

Vedtak: **Styret i Vestland IK vel følgende tidelingsutval for Straumsmarte idrettsanlegg som har som mandat å avgje innstilling til styret på tildeling av midlar frå ordninga:**

**Lars-Idar Vegsund, Førde IL/Sunnfjord IR, leiar  
Aud Kari Isane, Balestrand IL/Sogndal IR, medlem  
Stein Bjørhovde, Haugen IL/Stad IR, medlem  
Elianne Eggum, IL Syril/Sogndal IR, varamedlem**

---

**Sak 32/24: Talfesting auke av ungdommar og unge vaksne i idretten**

Saksunderlag: [Vestland idrettskrets vil! Langtidsplan 2024-2028](#)  
[Idretten Vil! Langtidsplan for norsk idrett 2023-2027](#)

Kommentarar:

På idrettskretstinget 13.4.2024 blei det som ein del av Vestland idrettskrets sin langtidsplan vedtatt at «Styret får fullmakt til å talfeste målsettinga om auke av ungdom i idrettslag i Vestland, sett i forhold til den nasjonale målsettinga om auke på 50 000». Det er henta frå punkt 1.4 under Attraktivt og variert idrettstilbod.

I den siste offisielle statistikken vi har, frå 2022, var det rapportert inn 59 000 aktive og eit medlemstal på litt over 60 000 i alderen 13 – 25 år (ungdom 13-19 år og unge vaksne 20-25 år) i idrettslag i Vestland. Når vi ser på kor stor ein auke på 50 000 ungdommar og unge vaksne er for Norges idrettsforbund som heilheit, svarar 50 000 til ein auke på om lag 11 %. Dersom Vestland idrettskrets skal fylgje den same prosentvise auken, blir talet om lag 6500. Det betyr at vi innanfor perioden jobbar for å få 65-66 000 aktive og medlemmar i alderen 13-25 år. Det høgaste talet på medlemmar siste tiårsperioden var i 2017, med litt over 64 000 medlemmar i idrettslag i Vestland.

For å nå eit slikt mål er det sjølvsagt viktig at idrettskretsen jobbar med dei punkta som er sett inn som tiltak i langtidsplanen. Vi må også ha med oss at gjeldande aktivitetstal er det særvidrettane som rapporterer inn desse, men nasjonalt er det til dømes jobba med nye aktivitetskonsept i nokre idrettar, som skal gjere det meir attraktivt for ungdom å delta.

Tiltak som er vedtatt i langtidsplanen, der idrettskretsen kan bidra er til dømes å gjennomføre kompetansetiltak og møteplassar for ungdom og unge vaksne, å arbeide for samarbeid med særvidrettane kring fellesidrettslege tema i ungdomsidretten og å synleggjere verdien av at ungdom deltek i idrett uavhengig av nivå og ambisjonar.

---

Vedtak: **Antal ungdom og unge vaksne mellom 13 og 25 år som deltek regelmessig i organisert idrett i Vestland skal auke med 6000 i perioden 2024 – 2028.**

---

**Sak 33/24: Sak unntatt offentlighet. Anmodning om påtale til NIFs påtalenemd**

---

Vedtak: **Unntatt offentlighet**

---

**Sak 34/24: Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldinger**

- Orienteringssaker, skriv og meldinger:
  - Status flytteprosess Idrettens Hus Bergen fra Brann Stadion til Fjøsangerveien
  - Status arbeid med Krohnsminde
  - Status tilsettingsprosess rådgivar anlegg og avdelingsleiar rekneskap
  - Referat IKSU møte 23. april.
  - 130 mill til idretten - [130 millioner kroner ekstra til å senke prisen og øke deltagelse i idretten - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)
  - Høyringsuttale framtidig tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Vestland.
  - [Høring - forslag til lov om behandling av personopplysninger i organisasjonsledd tilknyttet Norges idrettsforbund - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)
  - Søknad driftstilskudd frå Vestland fylkeskommune 2025
  
- Deltakingar/representasjon idrettspolitiske arena
  - Krinsting Sogn og Fjordane Friidrettskrins, Skei 7. april. Nils R. Sandal deltok.
  - Møte med kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery og Idrettsrådet i Bergen, Bergen 21. april. Knut Songve deltok.
  - Regionting Norges Basketballforbund Region Vest, Bergen 26. april. Tone Stavland deltok.
  - Møte med Høgskulen på Vestlandet knyttet til mulig Master Idrettsvitskap i Bergen. Nils R. Sandal, Randi Marie Berntsen Farnes og Knut Songve deltok.
  - Møte med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane 8. mai. Nils R. Sandal og Narve Heggheim deltok.
  - Trond Mohn Games, Bergen 22. mai. Nils R. Sandal, Tone Stavland og Knut Songve deltok.
  - Leder møte NIF + Ung nettverkssamling - Ålesund 31.mai-2.juni – Nils R. Sandal, Randi Marie Farnes, Jeanette Heggen, Magnus Hartwig, Ingeborg Møgster, Jonas Kønig.
  - Idrettsråds cruise til Danmark 3-5 mai – Nils R. Sandal, Tone Stavland, Randi Marie Farnes, Anne Kristine Aas, Narve Heggheim og Janne Landås
  - NM i troppsturn, Bergen 22. juni – Nils R. Sandal
  - Internasjonalt olympisk akademi, Hellas 8-21. juni - Magnus Hesjedal Hartwig og Sara Stokken Rott.
  
  - Representasjon på årsmøter i idrettsråd:
    - Bergen– Nils og Randi Marie
    - Bjørnafjorden - Anne Kristine Aas
    - Bømlo - Tone Stavland
    - Sogndal – Narve Heggheim
    - Stryn – Narve Heggheim
    - Stad – Narve Heggheim
    - Luster – Narve Heggheim
    - Sunnfjord – Narve Heggheim
    - Ulvik – Anne Kristine Aas
    - Øygarden - Anne Kristine Aas
    - Sveio - Anne Kristine Aas
    - Alver - Anne Kristine Aas
    - Austevoll - Anne Kristine Aas

- Masfjorden - Anne Kristine Aas
- Kvinnherad - Anne Kristine Aas
- Askøy - Anne Kristine Aas
- Voss - Anne Kristine Aas
- Etne - Anne Kristine Aas
- Stord - Anne Kristine Aas, Tone Stavland

Randi Marie Berntsen Farnes  
Organisasjonssjef